



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 27.09.2016

Sak nr.: 16/3196-25

Internt l.nr. 32461/16

Sak: 78/16

Tittel: Søknader om konsesjon for opptak av skjelsand

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Roslagen AS får konsesjonar til opptak av skjelsand i kommunane Flora, Solund og Gulen på følgjande lokalitetar, slik det går fram av kart og koordinatfesta hjørnepunkt:

Lokalitet	Kommune	Areal i dekar	Årleg opptak m3
Farsundbåane-Askrova	Flora	287,88	10 000
Kolgrov N-Varøyna	Solund	28,95	10 000
Kolgrov S-Husøyosen	Solund	54,19	10 000
Bustenakken	Gulen	92,45	10 000
Svartskjerosen	Gulen	704,28	10 000
Kvernøya	Gulen	68,87	10 000
Kversøy	Gulen	92,62	10 000
		1329,24	

Konsesjonar for opptak av skjelsand vert gjeve til 15.10.2021 på følgjande vilkår:

1. Før området i Flora og dei 4 områda i Gulen kommune kan takast i bruk skal Bergen Sjøfartsmuseum kontaktast, og granskingar gjennomførast etter deira krav.
2. Vert det under opptak i Solund oppdaga kulturminner som keramikk eller andre lausfunn, skipsdeler og vrak, jf. fråsegna frå Bergens Sjøfartsmuseum, skal opptaket stansast og fylkeskommunen skal saman med Museet orienterast om funna.
3. Ved grabbing må det takast omsyn til garn og teiner som er sett ut av merkeregistrerte fiskefartøy. Ved konflikt må uttak av skjelsand vike for fiskeriinteressene.
4. Eventuelle erstatningsansvar som følge av tiltaket ligg til konsesjonsinnehavar.

5. Det skal kontrollerast at verksemda ikkje er til skade for undersjøiske kablar eller andre undersjøiske installasjonar. Opptak skal ikkje skje med mindre avstand enn 100 meter frå slike.
6. Det skal betalast årleg avgift til fylkeskommunen i samsvar med dei volum skjelsand som blir tatt opp. Storleik på avgifta er kr. 0,30 pr. hl. skjelsand som blir teke opp. Betaling skal skje innan 31. januar det påfølgjande år. Innehavar av løyvet skal sjå til at det blir ført nøyaktig oversyn over opptatt mengde skjelsand, slik at rett avgift kan bereknast.

Dersom slik produksjonsavgift ikkje blir betalt, kan konsesjonen trekkjast tilbake. Nytt opptaksløyve blir ikkje gitt før skuldig avgift er betalt.
7. Årlege oppgåver over oppteken mengde skjelsand og kvaliteten på denne, skal sendast til fylkeskommunen seinast 31.januar det etterfølgjande år. Melding skal sendast sjølv om drifta har vore innstilt. Likeeins skal fylkeskommunen bli underretta når verksemda blir innstilt for godt.
8. Representantar for fylkeskommunen eller andre inspektørar med fullmakt frå fylkeskommunen, skal til ei kvar tid ha tilgang til uttaksområdet og fartøy for å sjå til at arbeidet går føre seg i samsvar med konsesjonsvilkåra og at det blir ført nøyaktig oversyn over opptaket. Dersom vilkåra ikkje vert følgde, skal inspektøren gi melding til fylkeskommunen, som avgjer om konsesjonen skal dragast inn.
9. Konsesjonen gjeld for 5 år frå vedtaket er gjort kjent for søkjar. Det er høve til å søkje om forlenging av konsesjon.
10. Ved eventuelle brot på vilkåra, kan fylkeskommunen trekkje tilbake konsesjonen.
11. Dersom det blir tatt opp skjelsand, sand eller grus utan at det ligg føre løyve, vil saka vera straffbar etter § 332 i straffelova. Slike handlingar kan bli anmeldt på vanleg måte til den som har påtalemynde.

Ved nedlegging plikter innehavar av løyvet å fjerne dei anlegg som er nytta ved drifta.